



Samnanger Kommune

Dato: 17.11.2017

Vår ref.: 2017/4387-24

Saksbehandlar: kjeomar

Dykkar ref.:

Att. Roald Aandahl

Fråsegn til 2 gang Offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdel - Samnanger

Vi viser til brev datert 13.10.2017 om 2. gongs offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdel for Samnanger kommune. Hordaland fylkeskommune gav i brev av 25.09.2017 fråsegn til 1. gongs høyring av planen.

Vurdering og innspel

Hordaland fylkeskommune vurderer kommuneplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Hordaland fylkeskommune viser til vårt fråsegn til 1. gongs høyringa av planen og ønskjer å trekke fram korleis vi meiner planen i stor grad ivaretake regionale interesser. I tråd med Regional areal- og transportplan for bergensområdet vektleggjar planforslaget fortetting og utbygging i definerte vekstsoner definert i kommuneplanen, samstundes som det leggast vekt på å oppretthalde og vidareutvikle gode og levande lokalsamfunn.

Hordaland fylkeskommune er positive til at fleire av våre merknadar er følgt opp og innarbeide i planen. Vi har likevel merknader til planforslaget under punkta senterutvikling og senterstruktur, kulturminne og kulturmiljø og akvakultur.

Senterutvikling og senterstruktur

I vårt førre fråsegn tilråda vi at planen i større grad bør følge opp Regional plan for attraktive senter i Hordaland og inkludere bl.a.:

- Definisjon av senter og senterstruktur i kommunen i samsvar med regional plan.
- Ein tydelegare vurdering av behovet for plankrav for sentrumsområdet Haga.
- Ein tydelegare drøfting og grunngjeving for aktuelle sentrumsutstrekningar i alle sentera i kommunen.
- Omtale og føresegner om lokalisering av handel.

Hordaland fylkeskommune er positive til at kommunen har innarbeida senterstrukturen slik den er definert i Regional plan for attraktive senter i Hordaland for kommunen sine senterområder.

I vårt førre fråsegn tilråda vi at kommunen gjorde ei nærmare vurdering av behovet for plankrav for senterområdet Haga, kor det er opnas for fortetting utan reguleringsplan. Samnanger kommune har i innspelshandsaminga frå 1. gongs høyringa vurdert at dette området er so pass avgrensa og utbygd allereie, at det vil vere tilstrekkeleg at plankrav først vert utløyst ved etablering av meir enn tre einingar.

Hordaland fylkeskommune står fast ved si vurdering av at kommunen bør vurdere plankrav også for Haga, for å sikre bred medverknad i sentrumsplanlegginga i tråd med retningsline 2.2 i senterplanen. Hordaland fylkeskommune er positive til at planforslaget har innarbeida ei skildring av korleis sentrumsutstrekning er blitt avgrensa i plankartet.

I vårt førre fråsegn påpeikte vi at handel ikkje inngikk som tema i framlegget til KPA, og måtte innarbeidast i tråd med retningsline 4.3 i senterplanen: «Behov for handel skal vere tema i kommuneplanens arealdel».

I innspelhandsaminga (appendiks 3) har Samnanger kommune kommentert at det er utarbeidd føresegns- og skildring av samtykkehandsaming og handelsanalyse i tråd med føringane i regional plan for attraktive senter. Da vi ikkje kan sjå at verken skildring eller føresegns- er innarbeid i planen, ber vi difor kommunen innarbeider desse i planen.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi viser til tidlegare kulturminnefagleg innspel i førebels administrativt fråsegn til kommuneplanens arealdel, Samnanger kommune datert 03.07.2017.

Det er positivt at generelle føresegner for kulturminne og kulturmiljø no er teke inn i planframlegget, jf. pkt 14, likeleis Riksantikvarens føresegner for Samnanger mellomalderkyrkjestad, pkt. 41.

I planområdet som er lagt ut til andre gangs offentlig ettersyn er det lagt inn følgjande to omsynssoner for kulturminne: H570_1 Notaholmen og H570_2 Treskoverkstaden, begge kulturminne av høg regional og nasjonal verdi. I tidlegare fråsegn bad vi om at også Frøland og Grønsdal kraftverk vart sikra med kvar sin omsynssone. Dette er industrielle kulturminne av høg arkitektonisk og kulturhistorisk verdi. Vi kan ikkje sjå at det er lagt inn omsynssoner her, og minner om at dette vert gjort. Hordaland fylkeskommune kan gje råd om utforming og avgrensing av omsynssoner.

Vi ser at det er tatt med i føreseggnene at tiltak i LNF - Spreidd område skal sendast til Hordaland fylkeskommune. Det vart òg bedt om at det i føreseggnene skulle leggjast inn eit punkt om undersøkingsplikter, jamfør §9 i kulturminnelova.

Vi ber igjen om at følgjande vert teke med i dei gererelle føreseggnene: «Fylkeskommunen må ta etterhald om nye byggeområde i arealdelen i kommuneplanen, inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for dei einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart»

Det må òg presiserast at i høve til automatisk freda kulturminne skal omsynssone H730 omfatte heile kulturminnet, inkludert 5 meter automatisk sikringssone.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader til planen når det gjeld kulturminne.

Akvakultur

I våre førre fråsegn tilråda vi at dei regionale interessene for akvakultur vert nærmare utgreidd og vektlagt. Hordaland fylkeskommunen held på denne tilrådinga.

Eva Katrine R. Taule
Fagleiar communal plan

Kjetil Bø Omarstrand
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlarar:

Kjetil Bø Omarstrand, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Øystein Monsen, Fylkeskonservatoren, Kultur- og idrettsavdelinga

Kopi til:

FYLKESMANNEN I HORDALAND

Statens vegvesen - Region Vest

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)